

”Det mest intime i intimsfæren er penger. Når man vet hvor mange penger et menneske har, vet man nesten alt om det.

Salvador Dalí

Vurdering i kroppsøving

KRONIKK



Petter Erik Leirhaug
Høgskulen i Sogn og Fjordane



Ann-Kristin Nilsen
Høgskolen i Bergen



Trond Egil Arnesen
Høgskulen
Stord/Haugesund

Når me i ulike samanhengar fortel at me utdannar kroppsøvingslærarar, er det eit tema mange foreldre gjerne vil fortelje om eller diskutere; nemleg karaktersetting i kroppsøving.

Det som går att er historier om ulike fysiske testar som grunnlag for fastsetting av karakter.

Foreldre er uroa over at glede i faget forsvinn. Dei er og urolige for kva slike testar gjer med motivasjon for bevegelsesaktivitet på lang sikt.

Kroppsøvingfaget har ei langt breiare forståing av ferdigheit enn målingar av kor fort eleven spring, kor langt ho kastar, kor mange armhevingar ho klarer.

Før læreplanen «Kunnskapsløftet» i 2006 var det tilrådd ei tredeling med innsats/haldningar, ferdigheit og kunnskap som grunnlag for karakter.

No skal all vurdering skje ut frå kompetansemål som fortel kva eleven skal oppnå i ulike fag. I kroppsøving skal sluttkarakteren settast på grunnlag av ei samla vurdering ut frå totalt 15 kompetansemål for ungdomstrinnet.

Karakteren skal uttrykke kvalitetsgrad i oppnådd kompetanse. For å få eit bilete av kva det handlar om, gjengir vi nokre kompetansemål frå ungdomstrinnet, der eleven etter 10. årssteg skal kunne:

- vere med i eit breitt utval idrettar.
- utøve tekniske og taktiske ferdigheiter i utvalde lagidrettar, praktisere nokre



Det er i kva grad elevane kan bruka metodar for å trene uthald som skal vurderast, ikkje kor godt uthald eleven har, skriv kronikkforfattarane.

FOTO: SCANPIX

individuelle idrettar og gjere greie for treningsprinsipp for desse idrettane.

- skape dans og delta i dans andre har laga.
- praktisere ulike former for friluftsliv i ulike naturmiljø.
- nytte ulike treningsformer med utgangspunkt i kjende aktivitetar.

I ungdomsskolen skal ein ved vurdering i faget kroppsøving – som det einaste i skulen – leggje vekt på både oppnådd kompetanse og føresetnadene til eleven.

I vidaregåande opplæring skal ikkje elevens føresetnader trekkjast inn i vurderinga i faget.

Lat oss gå attende til debatten om testing. Kompetansemåla representerer eit breitt syn på innhald, ferdigheit og kunnskap i faget.

Testing er for dei fleste av kompetansemåla ueigna som vurderingsmetode. Ta for eksempel Coopers test, der ein spring så langt ein kjem på tolv minutt. Resultatet seier noko om elevens uthald.

Ser me på kompetansemåla, så seier dei at eleven skal kunne «nytte ulike treningsformer med utgangspunktet i kjende aktivitetar».

Det er altså i kva grad elevane kan bruka metodar for å trene uthald som skal vur-

derast, ikkje kor godt uthald eleven har!

At det ofte kan vera ein samanheng er ei anna sak. Poenget er at resultat på Coopers test ikkje bør inngå direkte i karaktersetting.

Den måler ikkje dei elevane skal lære. Skal ein bruka testar som grunnlag for karakter, så må testane måla i kor stor grad kompetansemåla vert nådd.

For kompetansemål knytt til idrettane er det nytta formuleringar som: «vere med i», «praktisere». Vurdering av idrettskompetansen til eleven må gjera på måtar som fangar opp målformuleringane. Å måla kor høgt ein elev hoppar er til dømes ikkje godt eigna til å vurdere at eleven kan vera med på eller praktisera eit breitt utval idrettar.

Innsats skal byggje kompetanse og er difor ikkje ein del av fagvurderinga, heiter det etter kunnskapsløftet.

Men i kroppsøving kan det hevdast med styrke at innsats ligg innbakt i mange av kompetansemåla.

Kan ein praktisera idrettar eller friluftsliv, symje, dansa eller bruka ulike treningsformer utan innsats?

Nei, vil me hevda, innsatsen er i ulik grad ein del av fagkompetansen, og kan dermed vera ein del av vurderingsgrunnlaget.

ne viser at det kun har vært en vekst på 110 stillinger i det kommunale barnevernet i 2010, og at ytterligere 63 er planlagt opprettet.

Det kommunale barnevernet vil altså få under halvparten av de stillingene som skulle komme i år. Lysbakken må sørge for at de nødvendige stillingene i det kommunale barnevernet opprettes.

KrF krever en opptrappingsplan for barnevernet. Det kommunale barnevernet må styrkes og kommunene må

forpliktes. Midlene må øremerkes.

Det er helt avgjørende at regjeringen kommer med dette i statsbudsjettet som de legger fram 5. oktober.

KrF vil ha full barnevernsdekning i Norge. Det vil si at vi må ha nok kapasitet i alle ledd til å gi ungene et godt tilbud og god omsorg. Det betyr en god førstelinjetjeneste i kommunene, nok fosterhjemsplasser, nok tilsynsførere, nok institusjonsplasser og et skikkelig ettervern.

Det er særlig viktig at vi styrker det forebyggende arbeidet og legger til rette for en trygg oppvekst for unger over hele landet.

Nå er det barnevernets tur til å få et helhetlig løft. Det må også innebære at ideelle og private aktører som hver dag gjør en fantastisk jobb i barnevernet, må få bedre og mer forutsigbare rammevilkår. Lysbakken må handle nå.

Øyvind Håbrekke
Stortingsrepresentant (KrF)

Sagt & ment

☞ Det overrasker meg stadig hvor lite motstandsdyktig jeg er mot å være en offentlig person. Jeg kunne aldri vært politiker, for eksempel. Jeg har kanskje hjerte og hjerne til det, men ikke hud. Jeg er altfor ømskinnet.

FORFATTER HENRIK LANGELAND, DAGBLADET



☞ Det er ikke om å gjøre å skyte, men nettopp å unngå å skyte.

FORSVARSMINISTER GRETE FAREMO, AFTENPOSTEN

☞ Velgerne blir stadig mer troløse, også KrFs. Det finnes ingen annen nedre grense for partiet enn null. Situasjonen er alvorlig, ja, svært alvorlig.

VALGFORSKER ANDERS TODAL JENSEN, VG

☞ I mine analyser påpekte jeg den moralske glidningen der man ser enkelte soldater gå fra å være idealister som ville hjelpe andre til å bli kyniske misantroper. Jeg blir frustrert og litt lei meg når jeg ser dette.

SOSIOLOG TOM CHRISTIAN BLIX, DAGBLADET

☞ Nordmenn i tennis-sokker er en myte. Nordmenn skikker seg bra. I Hong Kong var skandinaver mer interesserte i kinesere enn folk fra større land, for eksempel engelskmenn. Vi er vant med å være små, at ingen kan språket vårt, derfor tilpasser vi oss.

CREUNA-SJEF ARNE HJELTNES, E24

☞ En gang for mange strengeskifter siden var Eric Clapton Gud.

ANMELDER TOM SKJELKESÆTHER, ABC NYHETER



☞ Fem år etter Muhammed-karikaturene trengs det kanskje større insensitivitet – for å lære seg å leve med det man forakter i et mangfoldig og fritt samfunn.

KULTUR- OG DEBATTREDAKTØR KNUT OLAV ÅMÅS, AFTENPOSTEN



☞ vi må bare fortsette med å legge et lokk over garderoben og stenge alt som ikke betyr noe ute.

BRANN-TRENER RUNE SKARSFJORD, BERGENS TIDENDE

Enig - uenig? Si DIN mening!

Send SMS med kodeord **hadabatt** til **1932**. Skriv navn og bosted. @ Send epost til **debatt@h-avis.no**. Husk navn og bosted.